



NORSK MÅLUNGDOM

Tilskrift: Pb 285 Sentrum, 0103 Oslo
Tlf: 23 00 29 40 Telefaks 23 00 29 31
E-post: nmu@nynorsk.no
Nettstad: www.målungdom.no
Føretaksnummer: 959 358 451
Bankkonto: 3450.07.05029

MOTTATT

- 7 APR 2010

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dykkar referanse
09/585-HK

Vår referanse (ved svar)
DLD-HF/1003

Oslo, 24. mars 2010

Høyringsfråsegn om datalagringsdirektivet (dir. 2006/24/EC)

Norsk Målungdom organiserer ungdom frå heile Noreg i arbeidet for å styrkje det nynorske skriftspråket og dialektane og for å heve det språklege medvitnet mellom ungdom. Til grunn for dette arbeidet ligg ein breiare definert kamp for norskdom, nasjonal sjølvråderett, folkestyre og folkeleg danning.

Norsk Målungdom meiner at folkestyret ikkje er ein statisk institusjon som er oppstått or inkjes, men snarare noko vi aktivt må kjempe for og forsvare, og som med naudsyn inneber ei rekkje *rettar* og *fridomar*. Det er nettopp idealet om eit fritt og reelt folkestyre som aktualiserer ordskiftet om datalagringsdirektivet for vår del.

Norsk Målungdom meiner at datalagringsdirektivet er svært problematisk, både i prinsipp og praksis. Direktivet utgjør eit direkte eller indirekte trugsmål mot mange av dei viktigaste føresetnadene for at folkestyret skal vere fritt og reelt. Desse er mellom anna høvet vi meiner einskildmennesket må ha til å nytte Internett og andre elektroniske kommunikasjonsmiddel fritt for å skaffe seg informasjon og kunnskap utan å bli kartlagd, høvet til å kommunisere fritt med andre utan å bli avlytta, og retten til å ta del i det offentlege ordskiftet utan å vere redd for forfølgning eller overvaking.

Norsk Målungdom vil òg peike på at det knyter seg eit utal praktiske utfordringar til å innføre eit slikt direktiv på forsvarleg vis. Dersom direktivet blir innført, held vi det for lite realistisk at det seinare kan avviklast att. Vi er særskilt redde for at ei innføring av direktivet slik det ligg føre i dag, kan opne for at direktivet vil utvikle seg dynamisk i retning av at fleire typar informasjon og meir omfattande opplysingar blir brukte til fleire og andre føremål enn det vi kan sjå føre oss ut frå lovteksten som føreligg i dag.

Norsk Målungdom vil derfor, av omsynet til eit friast mogleg folkestyre og dei krava dette idealet stiller til personvern, yringsfridom og ein fungerande rettsstat, og nøye avvege med omsynet til effektiv etterforsking av kriminalitet, ikkje tilrå innføring av direktiv 2006/24/EC i norsk rett.

Med helsing

Maria Svendsen
leiar i Norsk Målungdom

Vedlegg: fråsegna «Norsk Målungdom krev veto mot Datalagringsdirektivet», vedteken på landsstyremøtet i Norsk Målungdom 4.–6. september 2009

Norsk Målungdom krev veto mot datalagringsdirektivet

Norsk Målungdom meiner at ei innføring av datalagringsdirektivet vil innebera ei illegitim mistenkjeleggjering av einskildmenneske, og at ei slik ordning utgjer eit unødvendig trugsmål mot rettsstaten, personvernet og ytringsfridomen. Dei store samlingane av opplysingar om einskildmenneske vil vera sær sårbare for dataåtak, og soga har synt oss at vegen frå innsamling til misbruk ofte er sær kort. Dersom datalagringsdirektivet vert teken inn i norsk lov, vil treskelen for å innføra stendig meir overvaking truleg verta lågare. Det vil til dømes vera lett å argumentera for at innsamlinga òg bør omfatta sjølve innhaldet i e-brev, samtalar og tekstmeldingar.

Norsk Målungdom ynskjer eit fritt folkestyre. Folkestyret er ikkje noko som oppstår or inkjes, men er noko me aktivt må forsvara og kjempa for. Datalagringsdirektivet er eit indirekte eller direkte trugsmål mot mange av dei viktigaste føresetnadene for at det norske folkestyret skal fungera – høvet til å bruka Internett og elektroniske kommunikasjonsmiddel fritt til å skaffa seg informasjon og kunnskap utan å verta kartlagd, høvet til å kommunisera fritt med andre utan å verta avlytta, og retten til å ta del i det offentlege ordsiftet utan å ottast forfylging eller overvaking. Det er heller ingen grunn til å tru at ei innføring av direktivet ikkje vil bana vegen for ei gradvis svekking av personvernet gjennom liknande direktiv i framtida. Denne utviklinga må stoggast no. Norsk Målungdom krev difor at det nye Stortinget tek i bruk reservasjonsretten i EØS-avtala mot direktivet.